



Arkivnr: 2015/166-5

Saksbehandlar: Ronny Skaar, Tone Stedal Haugland, Øyvind Dahl

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.04.2016
Fylkesutvalet		20.04.2016

Kulturutveksling mellom Hordaland og Covarrubias i Spania

Samandrag

Sida 2007 har Hordaland fylkeskommune arbeidd saman med Prinsesse Kristinastiftelsen for å få i gang ei utvekslingsordning for kunstnarar og kulturarbeidarar. Prinsesse Kristinastiftelsen har fått stilt til disposisjon i eit husvære i den spanske landsbyen Covarrubias i staten Burgos. Hordaland vil stille til disposisjon Ambrosiahuset, i samarbeid med Bergen Bymuseum/Hordamuseet. Vi føreset at dette let seg realisere innan dagens råde på kr 60.000/år.

I Spania vil ordninga bli administrert av Prinsesse Kristinastiftelsen, i samarbeid med Covarrubias kommune. I Hordaland vil ordninga bli administrert av Hordaland forfattersentrum på vegner av fylkeskommunen.

Hordaland fylkeskommune vil dekke leigekostnader og andre kostnader knytt til husværet. Det følgjer ingen stipendmidlar eller andre midlar frå fylkeskommunen med eit innvilga opphald. Utgifter til reise og livsopphald må dekkes av den einskilde kunstnar

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet går inn for igangsetting av kulturutveksling med Covarrubias som skissert i saka
2. Fylkesutvalet godkjenner skissa til retningsliner for kulturutvekslinga nemnd i førre punkt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Covarrubias – Hordaland - Kunstnar-/kulturarbeidarbustader/recidency - Retningsliner for utvekslinga og prin-sipp for bruksavtale

Fylkesrådmannen, 31.03.2016

Bakgrunn for saka

Covarrubias er ein liten landsby i Staten Burgos, nordvest i Spania, og reknast som ein av Spanias best bevarte mellomalderbyar. Dei lange historiske banda mellom Covarrubias og Noreg blei styrka då det spansk-norske Olavskapellet vart opna i september 2011, der også fylkesordføraren var til stades. Kapellet har røter tilbake til 1258 då den norske prinsessa Kristina, dottar av Håkon Håkonsson, vart gifta bort til den spanske prinsen don Felipe. Den norske prinsessa fikk eit løfte om at det skulle reisast eit kapell til ære for Heilag Olav, men prinsesse Kristina døydde tidleg og løftet vart aldri innfridd. Nå etter 750 år, er kapellet realisert med hjelp av ei rekkje sponsorar og støttespelarar.

Kristina vart fødd i Bergen som kong Håkon Håkonsson og dronning Margrete Skulesdotter sitt andre born, og var søster av Magnus Lagabøter. Hausten 1256 kom ein spansk delegasjon til Tønsberg frå kong Alfonso X (den vise) av Castilla og León for å be om Kristinas hand som hustru for ein av hans brør. Kongen rådførte seg med erkebiskopen og *“de viseste menn”*, i følgje Håkon Håkonssons saga. Håkon gjekk dermed med på å gifte bort dotter si til den ho og hennar følgjesveinar likte best.

Vel framme møtte dei kong Alfonso, som ifølgje sagaen rekna opp sine brør og skildra eigenskapane deira. Kristina og hennar norske rådgjevarar kom til at Don Felipe var det beste valet. Han vart rekna som den djervaste og sterkaste av brødrane. Bryllaupet fann stad i stiftskyrkja Santa Maria la Mayor i Valladolid 31. mars 1258 *“med så stor ære som det kunne være i det landet”*. Kristina og ektemannen flytta sørover og busette seg i palasset Vib'arragel i Sevilla. Her døydde Kristina barnlaus fire år seinare.

I 1936 utgav Magnus Grønvold ei bok med et fotografi av det han antok var prinsesse Kristina si sarkofag i korsgangen i klosterkyrka i Covarrubias. Sarkofagen vart opna i 1952, i samband med restaureringsarbeid. Den inneheldt eit kvinnelik, og domprost Rufino Vargas fekk interesse for kvinna si identitet. I kyrkearkivet fann han eit manuskript frå 1756 der det stod at Don Felipe gravla sin hustru prinsesse Kristina i Covarrubias.

1958 ble sarkofagen opna av ein offisiell undersøkingskommisjon. I sarkofagen fann ein leivningane av ei ung, sterk og høgreist kvinne i ein alder av 26–28 år. Frå kva ein elles visste, slutta komiteen at det var prinsesse Kristina som låg i sarkofagen.



Prinsesse Kristina sin sarkofag i klosteret i Covarrubias.

Kong Alfonso har fått tilnamnet «El Sabio» - omsett til «Den Vise». Tilnamnet fekk han for arbeidet sitt med å fremje vitenskap, kunst og kultur, samt å reformere administrasjonen og utarbeide den første spanske nasjonale lovsamlinga. Samstundes som han kjempa for å stoppe kalifatet sin ekspansjon i Spania, ga han

likevel både muslimske, jødiske og kristne lærde viktige stillingar i sitt rike. Men han hadde også storpolitiske ambisjonar. Målet for utanrikspolitikken hans var å bli krona som tysk-romersk keisar, ein tittel han meinte å ha rett til gjennom blodlina til sin mor, Elisabeth av Schwaben (seinare omdøypd til Beatrice) som var av huset Hohenstaufen. At han valde å finne ei brur frå Noreg til bror si, var truleg ein lekk i alliansebygginga for å styrke si stilling i kampen om keisarkrona.

For å halde i hevd minnet om den norsk-spanske prinsessa, vart Prinsesse Kristinastiftelsen oppretta i 1992 i Madrid av Noreg sin ambassadør og sju representantar for norske firma i Spania. Hovudføremålet med stiftinga er å betre spansk-norske relasjonar gjennom kulturutveksling. Landsbyen Covarrubias har stilt til rådvelde eit lite husvære til bruk for kunstnarar, kulturhistorikarar, kulturarbeidarar og andre kulturpersonar frå Hordaland. Prinsesse Kristinastiftelsen har pussa opp husværet slik at det held ein alminnelig god standar etter dagens norm. Huset er enno ikkje tatt i bruk for sit tiltenkte føremål, men vert i dag nytta som møtelokale for stiftinga, samt som for oppbevaring av stiftinga sitt arkiv.

Hordaland fylkeskommune har delfinansiert oppussinga av huset. I sak 200601441-10 løyvde fylkesutvalet kr 200.000 til føremålet, og i sak 201011328-6 vart det løyvd ytterlegare kr 30.000 til diverse innreiing. Utover dette har Hordaland fylkeskommune ikkje noko økonomisk engasjement eller forpliktingar i saka.

Både frå Covarrubias og frå Hordaland fylkeskommune er det ein føresetnad for engasjementet at det kjem i stand ein utvekslingsordning for kunstnarar og kulturarbeidarar mellom dei to regionane. Det har likevel teke lenger tid enn ønskeleg å få på plass ei slik ordning.

Sidan 1995 har Hordaland fylkeskommune leigd Ambrosiahuset på Stend av Hordamuseet/Bymuseet i Bergen. Ambrosia Tønnessen (1859-1948) var Noregs første profesjonelle kvinnelege bilethoggar. Då ho etter å ha jobba og studert ute i Europa flytta heim til Bergen kjøpte ho seg eit eldre bustadhus – Runeplass– på Minde som ho fekk modernisert og bygd ut. Huset stod i vegen for vegutbygginga på Fjøsanger i 1992, og med midlar frå Vegvesenet vart det flytta til Hordamuseet der det no er ein del av den faste bygningsutstillinga. Inventaret er ikkje autentisk/opphavleg. Huset kan i dag leigast av kunstnarar/kulturarbeidarar som ønskjer opphald i Hordaland.

Dei siste åra har ikkje ordninga vore lyst breitt ut. Huset i seg sjølv er egna for føremålet, men plasseringa på Stend gjer det vanskeleg for gjestande kunstnarar å halde kontakt med kunst- og kulturmiljøet i Bergen. I sak 2015/166-2 vedtok fylkesutvalet å seie opp leigeavtalen. Denne har ein oppseiingstid på eit år, og vil ikkje gå ut før ved årsskiftet. Utfrå erfaringane med ordninga vil vi kome attende med ein sak om leige av ei alternativ kunstnarbolig, eventuelt vidare leiga av Ambrosiahuset. I dei seinare åra har huset helst vore nytta av personar med oppdrag eller prosjekt i tilknytning til Hordamuseet.

Den gjestande kunstnaren må sjølv dekke sine eigne utgifter til reise og livsopphald. Det følgjer ikkje nokon stipendmidlar frå Hordaland fylkeskommune med å få innvilga opphald.

Retningslinjer.

Etter samtalar med Prinsesse Kristinastiftelsen v/styreleiar Øyvind Fossan er vi samde om eit utkast til retningslinjer (sjå vedlegg). Hovudinnhaldet i retningslinjene er:

- **Føremål:**
Å styrke kontakten mellom spansk og norsk kulturliv. Målgruppe: Målgruppa for tilbodet er kunstnarar, kulturarbeidarar og –forskarar frå Castilla y Leon, Burgosregionen og Hordaland fylke. Med dette meiner vi til dømes kunstnarar innan alle kunstartar, kunsthandverkarar, omsetjarar, filologar, historieforskarar. Det kan søkjast direkte som privatperson eller via organisasjonar, universitet eller andre institusjonar.
- Det kan vere aktuelt å opne for andre andre ved evt. ledig kapasitet
- Opphald: Frå 3 veker inntil 2 månader.
- Eigarane av husværet kan belaste residenten med ein rimeleg sum til dekking av faste utgifter.
- Residenten er sjølv ansvarleg for sitt eige faglege utbyte

Residenten må sjølv dekke kostnader til reise og livsopphald. Det er berre fri bustad som følgjer med ein tildeling. Arrangørane vil likevel så langt som råd prøve å gje praktisk bistand under opphaldet i den grad det er naudsynt.

Prinsesse Kristinastiftelsen vil stå for utveljinga av kunstnarar frå Spania. Det vil være ein open søknadsfrist, men med handsaming to gonger i året. Utvelgingskomiteen vil bestå av ein representant frå Prinsesse Kristinastiftelsen, ein representant frå Covarrubias kommune samt ein representant frå kulturlivet.

Fylkesrådmannen vil oppnemne ein tilsvarande komité, med ein representant frå Kultur- og idrettsavdelinga, ein representant frå Norsk forfattarsentrum avd. Vestlandet (sjå under) og ein representant frå kulturlivet.

Administrasjon av utvekslinga vil bli gjeve som eit oppdrag til Norsk forfattarsentrum avd. Vestlandet.

Målgruppe for ordninga er kulturarbeidarar i vid forstand, men med fortrinn for utøvande kunstnarar. Søknaden skal innehalde ein kort cv med beskriving av kunstnarleg/kulturelt arbeid og formål med opphaldet.

Etter opphaldet skal det leverast ein kort rapport med evaluering av opphaldet og vurdering av utbyte for den kunstnaren.

Styret i Prinsesse Kristinastiftinga godkjente skissa til retningslinjer i møte 31.02.16.

Kostnader

Leigekostnadane til Ambrosiahuset er alt del av Hordaland fylkeskommune sitt budsjett. I skrivande stund er det vanskeleg å sjå for seg kor stor søknadsmassen til denne til ordninga vil bli. Søknadane vil bli handsama 2 gonger i året, maksimal belastning er vurdert til inntil to vekeverk pr. år.

Vurdering

Problema Kong Alfonso X sto ovanfor er overraskande og kanskje skremmande aktuelle også i dag. Måten han møtte dei på teiknar eit bilde av ein fyrste med moderne kvalitetar; han kjempa for å stoppe ekspansjonen til kalifatet i Spania, men det hindra han ikkje frå å ta muslimar i si teneste når det høvde. Han så utvikling av kultur, vitskap og lov som sentrale verdiar for å samle både eit fragmentert Spania og Europa som heilheit. Kong Alfonso skjøna at kultur var nøkkelen for å skape både ein spansk - og mogelegvis europeisk identitet. Dette var ambisjonen som førde hans sendemenn til Håkon Håkonssons hoff og ein norsk prinsesse til Spania.

Kultur og grenseoverskridande kultursamarbeid vert meir relevant i ein tid der det alt oftare vert stilt spørsmål ved eksistensen av ein felles europeisk identitet. I skugga av ei økonomisk krise, ein flyktningkrise

og omsegripande terror ser ein isolasjonistiske tendensar der mange vil redusere det europeiske samarbeidet til berre det som tener økonomisk eigeninteresse.

Ein europeisk identitet bygger på to verdsett, på den eine sida den kristne kulturarven som er ein felles overbygning for alle nasjonane i Europa. Likevel er mange europearar lite villig til å knyte sin identitet til kristendommen, dels på grunn av den tiltakande sekulariseringa av dei europeiske nasjonane, dels avdi mange vegrar seg for å definere sin kulturelle identitet i religiøse termar, når dei som vil bekjempe denne kulturen ofte nyttar religiøs tilknytning som sitt samlingsmerke.

Det andre alternativet er å fundamentere identiteten i den demokratimodellen som har utvikla seg i Europa, frå Antikken og fram til i dag, med eit styresett basert på representativitet, lov og rett.

Denne saka prøver å sjå litt bak det som først står fram som ei romantisk og litt pussig historie frå mellomalderen, og finn ein politisk kontekst som ikkje er ulik dei Europa står ovanfor i dag.

Slik fylkesrådmannen ser det er dette samarbeidet mellom Hordaland og Covarrubias, som med små kostnadar kan gje eit lite bidrag til å bygge ein europeisk identitet, med eit prosjekt tufta på intellektuelle og kulturelle verdiar, men og med religiøse overtonar. På denne måten vert minnet om Prinsesse Kristina, samt framsynet og kulturforståinga til kongane Alfonso X og Håkon Håkonsson halde i hevd.

Bilete og beskriving av husværet i Covarrubias:

I første etasje er det ei romsleg stove med sofa i eine enda og skrivebord med arbeidsplass i den andre, forutan bokhylle, lampar og taklys. Det er installert eit bad med dusj, toalett og vask i første etasje. Kjøkkenet er vel utstyrt med kvitevarer: komfyr med omn, oppvaskmaskin, vaskemaskin og kjøleskap med fryser, tilstrekkelig skaplass, hylle og kjøkkenbord med stoler, forutan kokekar, bestikk, tallerkenar, glas, koppar osv.

Stova:



I annen etasje er det to ferdig møblerte soverom, eit for to personer og eit for ein person, med senger, madrassar, nattbord og skap, sengetøy handkle etc. Vidare er der eit romslig bad med dusj, toalett og vask, speil, etc. Her er det også eit lite rom som vert nytta til stiftelsens arkiv.

Kjøkken



Bad etasje 2 (til venstre) og 1 (til høyre)



Soverom 2 (dobbelt)



Soverom 1 (enkelt) og Stiftelsens arkiv.

